

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
142/2014	Formannskapet	02.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Maud Sleire Holmaas		14/1194

### Samlokalisering barnevern

#### Formannskapet - 142/2014

##### **FS - behandling:**

Framlegg til vedtak lagt fram i møte vart samrøystes vedteke.

##### **FS - vedtak:**

1. Barnevernet for kommunane Gulen og Masfjorden vert samlokalisert i tidlegare NAV lokala på Hosteland.
2. Det vert inngått ein husleigeavtale på inntil 5 år. Ein prøver å avgrense leigeperioden prøveår 2015 + opsjon 2+2 år. Masfjorden kommune vert avtalepart med utleigar. Begge kommunane forpliktar seg til å dekke sin del av leigekostnadene jf. inngått leigeavtale (og jf. pkt. 5)
3. Samlokaliseringa gjeld i første omgang for perioden til og med 31.12.2015, men kommunane har som intensjon at dette skal bli ei permanent løysing for barnevernet.
4. Gulen kommune er vertskommune for felles stilling (50% kvar av kommunane med statleg finansiering) jf. Kommunestyresak 54/13, kor ein og vedtok at seinast innan 2015 skal kommunane ha utgreidd om det er grunnlag for å inngå vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Til dette arbeidet tilrår kommunestyret at det vert oversendt søknad om tilskot til utgreiing av interkommunalt samarbeid.
5. Husleigekostnadene og andre felles kostnader elles vert fordelt likt mellom kommunane. Direkte kostnader som gjeld aktuelle kommune, vert dekkja fullt ut av aktuelle kommune.
6. Innafor rammene for driftsbudsjettet for 2015 vert ei stilling innan barnevernet auka opp med 10%. Barnevernsleiar i Gulen får eit samla leiaransvar for i alt 5 stillingar i barnevernet Gulen & Masfjorden.

**Underliggende saker:**